



Nettverk for førebygging av
vald og overgrep mot barn og unge

Årsrapport 2025

Ann-Magrit Grip og Linda R. Kvalvik
Representantar for nettverket

KORUS

NORCE
RKBU VEST



Tannhelsetjenestens
kompetansesenter
Vestland

RVTS


Statsforvaltaren
i Vestland
County Governor of Vestland

Innleiing

Nettverk for førebygging av vald og overgrep mot barn og unge er eit samarbeid mellom Statsforvalter Vestland, RKBV Vest, KORUS Bergen, Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter, RVTS Vest og kommunane i Vestland fylke. Nettverket har vore i drift i 2 år og omlag 30 vestlandskommunar er med i nettverket. Kvar kommune har frå tre til sju faste representantar i nettverket, kor eit krav er at minst ein frå kommune leiinga deltek.

I år har vi gjennomført tre samlingar; to digitale og ei fysisk. Vi har òg eit digitalt nettverk, der presentasjonar frå samlingane, relevante arrangement og anna informasjon vert delt med medlemmene. Det digitale nettverket kan òg nyttast til å dele tips, erfaringar og spørsmål mellom kommunane.

Sentrale tema på nettverkssamlingane i 2025 har våre:

- Systematikk og planlegging i det valdsførebyggande arbeidet
- Statlege krav og forventingar til det valdsførebyggande arbeidet
- Kommunane sine handlingsplanar mot vald i nære relasjonar og førebyggande plan
- Betydninga av planlegging og systematisk opplæringsarbeid, for å bidra til at færre barn blir utsett for vald og overgrep, og at dei som blir utsett får nyttig hjelp når dei treng det.
- Relevante tiltak for å førebygge, handtere og hjelpe
- Utviklingsprosjektet frå Kvinnherad og Ullensvang – E D Greitt?
- Dei digitale ressursane, *Jeg vet*, *Snakke med barn*, *Trygg til handling*, *implementere.no*

Formålet med nettverket

- Færre barn skal verte utsett for vald eller seksuelle overgrep
- Barn som vert utsett for vald og overgrep skal få hjelp og støtte
- Færre barn skal utøve vald og seksuelle overgrep
- Barn som utøver vald og seksuelle overgrep skal få hjelp og støtte
- Nettverket skal legge til rette for at tilsette i kommunane har nødvendig kompetanse og mot til å fange opp, snakke med og handle
- Nettverket skal bidra til meir systematikk og langsiktig arbeid i implementering, opplæring og vedlikehald av nødvendig kompetanse for å førebygge og gi rett hjelp
- Nettverket skal vere ein arena for dialog, erfaringsutveksling og kunnskapsdeling

Bakgrunn for nettverket


Tilsette i tenester som møter barn og unge skal ha kompetanse til å fange opp signal på vald og eller overgrep, snakke med barnet om bekymringa og vite korleis dei skal handtere informasjonen. Dei skal kunne ivareta barnet og vite kven dei skal kontakte i kommunen, og korleis dei skal reagere dersom dei mistenker vald og eller overgrep.

Kommunen har ansvar for å sikre denne kompetansen, i tråd [med Nasjonal fagleg retningslinje for tidleg oppdaging av utsette barn og unge](#). Statsforvaltaren og kompetansemiljøa samarbeider om ulike tilbod til kommunane, blant anna å gjere kjent og bidra til implementering av [Jeg vet](#) og [Snakke med barn](#).

Endringar i velferdslovene knytt til samhandling, barnevernreforma med krav om førebyggande plan, [kartlegginga vår i Vestland](#) og våre erfaringar viser behov for styrka innsats.

Mange kommunar har etterspurt opplæring, implementerings støtte og felles arena for rådgiving. Gjennom eit felles nettverk sikrar vi dialog med kommunane, og legg til rette for kunnskapsdeling, erfaringsdeling og eit meir systematisk arbeid med førebygging av vald og seksuelle overgrep.

Organisering av nettverket i 2025



Samarbeid om drift

Nettverket driftast av fire kompetansesenter, Statsforvalteren i Vestland og kommunar i regionen.

RVTS Vest	Tannh.tj. kompetansesenter	KORUS	Statsforvalteren	RKBUE Vest
Linda R. Kvalvik	Randi Mossefinn	Ingfrid Vaksdal Brattabø	Nina Marta J. Stangeland	Bente Cecilie Foss
RVTS skal bidra til å styrke kompetansen og kvaliteten i relevante tjenester innen våre temaområder; vald, traumatisk stress og selvmordsforebygging. Vi bistår kommunar og tenester med fagutvikling, undervisning, rettfeiling, nettverksarbeid og implementeringsstøtte.	Tk Vestland tilbyr mange spesialisttannbehandlinger, tverrfagleg behandling og gir et tilrettelagt tilbud til tortur- og overgrepsofsatte og personer med sterk angst for tannbehandling (odontofobi). Rådgivingsjenester, kurs og klinisk, praksisnær forskning.	KORUS skal styrke kunnskap og kompetanse på rustfeltet; folkehelse og forebygging, tidlig innsats, skadereduksjon og oppfølging og behandling. KORUS bistår med fagutvikling, implementeringsstøtte, undervisning, veiledning og nettverksarbeid.	Statsforvalteren skal gi råd, legge til rette for erfaringsutveksling, koordinering av tjenester, bidra til å gjøreveileder om tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge, elektroniske verktøy som «Jeg vet» og «snakke» for forebygging av vold og overgrep kjent for kommunene.	RKBUE Vest skal støtte kvalitetsforbedring i tjenestene, gjennom kompetansebygging, praksisrelevant forskning og kunnskapsformidling innen psykisk helse og barnevern. Vi skal løse våre oppgaver i nært og forpliktende samarbeid med praksisfeltet. Målet er å styrke kompetanse- og kunnskapsutvikling i arbeidet med barn, unge og deres omsorgs-personer.

Styringsgruppa

Vi har hatt eit godt samarbeid mellom kommunane og samarbeidsinstansane, organisert gjennom ei styringsgruppa og eit forum på Teams, supplert med e-post ved behov.

Styringsgruppa vert valt på årsmøte for nettverket og er sett saman av fem hovudrepresentantar og fem vararepresentantar frå kommunane (kommunalsjefnivå og nettverksrepresentantar), kompetansemiljø og Statsforvaltaren. Det er styringsgruppa som planlegg samlingar og drøftar innspel frå nettverket.



Styringsgruppe for nettverket, 2025

Frå venstre: Linda Kvalvik, RVTS Vest, Linda Hellen, verksemdsleiar for Barne- og familietenesta, Bømlo kommune, Kjetil Nordstrøm, leiar for barne og familietenestene i Voss herad, Nina Stangeland, KORUS Bergen, Ingfrid Vaksdal Brattabø, Tannhelsetenesta kompetansesenter Vestland, Synnøve Teige, RKBV Vest, Bjørn Brunborg, RKBV Vest, Birthe Blokhus, einingsleiar for førebyggjande tenester, Stord kommune, Bjørn Christian Bjånesøy, kommunalsjef for oppvekst, kultur og fritid, Austevoll kommune, Jill Bru, kommunalsjef oppvekst og kultur, Vaksdal kommune, Kim André Vangberg, Osterøy kommune, Linda D. Meier, einingsleiar helse, Hyllestad kommune, Bente Cecilie Foss, Statsforvaltaren i Vestland.

Styringsgruppa oppsummerte 2025 slik:

Evaluering av nettverket etter to årsdrift. Vi har gjennomført seks digitale samlingar og to fysiske lunsj til lunsj samlingar ein i Bergen i 2024 og ein i Førde i 2025. I nettverket er det per 1. desember 26 aktive kommunar som har sendt oss oppdaterte liste over faste deltakarar i nettverket. Vi sette krav ved oppstart av nettverket, om at kvar deltakarkommune måtte peike ut minimum tre deltakarar, ein kommunalsjef med ansvar på barn og unge området og to personar

med ei rolle knytt til kompetanseheving, opplæring eller koordinering på vald og overgrepfeltet i kommunen. Vi ser at grunna nokre utskifting i roller, og at vi ikkje heilt har klart å henge med i svingane er det no i tillegg 9 kommunar som har delteke på enkelt av samlingane og i det digitale nettverket utan at det er klart for oss kven som er dei faste deltakarane frå kommunene. Vi får forsøke å rydde litt i dette på nyåret før neste fysiske samling. Vi er cirka 200 representantar i nettverket. Vi har i år også opna for at dei faste representantane kan invitere med seg andre dei meiner kan ha nytte av å delta på dei digitale samlingane. Så på Teamsmøta har vi våre enda fleire.

I år har vi også oppretta ressursgruppe med representantar frå Krisesentera i Vestland, NOK, førebyggjande eining Vest politidistrikt, Barnehusa i Vestland og V27. Dette arbeidet er framleis litt i oppstart, men alle aktørane bidrog med representantar og Stand på samlinga i Førde i vår. Dette vart ei veldig god og nyttig økt for å gjære ulike tilbod kjent. Fleire har også bidrege med innlegg på samlingane vi har hatt i år. Dette vert nok også enda betre i 2026, når ressursgruppa kan kome med sine innspel til programma får starten av året.

Styringsgruppa har fungert godt også i år. Ved nokre tilfelle har vi kommet i tettaste laget på sjølve samlinga før endelege program har våre klare. Dette har ført til at nokre av representantane har hatt litt mykje arbeid dei siste dagane før samlingane. Vi må ha mål om å ligge litt meir i forkant med dette i 2026.

Alle samlingane har vi hatt gode og relevante program, kommunane har våre lette å be om å bidra inn på samlingane med døme frå kommunane. Dette ser vi vert sett stor pris på i evalueringane. Vi har hatt godt samansette program der deltakarane både har fått oppdatert kunnskap, forskning, brukarerfaring, statistikk og introduksjon til verktøy, tiltak og metodar som kan gi støtte til arbeidet. Det har også våre tid til erfaringsutveksling på tvers av kommunegrenser og litt arbeid internt i gruppa som representerte den enkelte kommune. Evalueringane frå 2025 er gode, og det er komet inn fleire gode innstill på tema for samlingane i 2026

Ressursgruppe

I mars hadde vi møte med relevante aktørar for å utvide nettverket med ei ressursgruppe. 22. april hadde vi første møte i ressursgruppa.

Formålet med ressursgruppa er å:

- Gje faglege innspel til styringsgruppa om tema og innhald i samlingar, samt strategiske val kvart halvår
- Dele erfaringar og tilbakemeldingar til kommunane
- Informere kommunane om eigne tilbod og innsats på samlingar og i det digitale nettverket
- Få innsikt i kommunane sitt førebyggjande arbeid, utfordringar, suksesshistorier og regionalt samarbeid

Ressursgruppa består av: Statens barnehus i Førde og Bergen, Nettpatruljen i Vest politidistrikt, Alternativ til vold (ATV), Ressurseininga V27 ved Betanien sjukehus, Krisesentra i Bergen, Vest og Sogn og Fjordane, NOK Bergen, RVTS Vest og Statsforvaltaren i Vestland.



Ressursgruppa for nettverket.

Frå venstre: Linda Kvalvik, Jostein Skoseth, Statens barnehuset i Bergen, Thomas Litlere, ATV, Mari P. Dale, Krisesenter Vest IKS, Eva Mørch, Ressursenhet V27, Cathrine Elholm, NOK.Sogn og Fjordane, Lillian Skevik, NOK.Bergen, Bente Cecilie Foss, Statsforvaltaren i Vestland. Krisesenteret i Sogn og Fjordane og Maren Gjesdahl, Seksjon for førebygging, Vest politidistrikt er også med i ressursgruppa

Vi ønsker å knytte til oss brukarorganisasjonar og, og vil ta initiativ til samarbeid i 2026.

Samlingar i 2025

Kommunane har tatt stort ansvar for innhaldet på samlingane og bidratt med planlegging, innhald, innlegg og erfaringsdeling. Gjennom bruk av grupperefleksjonar, kommentarfelt og plenum har vi fått mange innspel, tilbakemeldingar og evalueringar etter samlingane. Deltakarane har vist stort engasjement, og deler synspunkt, spørsmål, forslag og erfaringar – både det som er utfordrande og det ein er stolt av. På dei digitale samlingane har vi åpna for at kommunane kan stilla med fleire deltakarar. I tillegg stiller ein del kommunar på dei digitale samlingane, sjølv om dei ikkje er faste medlemmer i nettverket.

I 2025 har vi gjennomført desse samlingane:

- Årsmøte: 21. januar 2025
- Første samling: Digital samling 12. mars 2025
- Andre samling: Fysisk samling i Førde 21.-22. mai 2025
- Tredje samling: Digital samling oktober 2025

Program for alle samlingane ligg som vedlegg til årsrapporten, med oversikt over tema og bidragsytarar.

Alle samlingane er evaluerte av deltakarane, og tilbakemeldingane har jamt over vore gode. Mange har peika på at samlingane har gitt nye perspektiv, inspirasjon og auka medvit om det førebyggjande arbeidet mot vald og eller overgrep. Arenaen for dialog og erfaringsdeling mellom kommunar blir framheva som særleg viktig.

Vi ser ei utfordring å dekke alle behov som kjem inn på evalueringane, då fleire medlemmar i nettverket ønskjer meir spisskompetanse på heilt konkrete (smale) tema, mens andre ber om meir overordna tema knytt til opplæring og tiltak i kommunen. Nettverket har som målsetting å synleggjere utfordringar, legge til rette for systematisk arbeid med opplæring i tenestene og støtte kommunane i det overordna førebyggjande arbeidet. Samtidig tar vi på alvor deltakarane sine behov for spisskompetanse gjennom innlegg på samlingane, samt informasjon om kurs og opplæring som kompetansemiljøa tilbyr.

☞ *Vi har hatt strekk i laget, vi forstår ting ulikt og har forskjellig språk om det vi ser og det jobbar vi med. Nettverket har bidratt med bevisstgjerings og inspirasjon».*

Deltakar på samlinga

Økonomi

Kommunane som deltek i nettverket har våre klare på at dei ynskjer ei fysisk samling i året. Fram til og med 2024, har Statsforvaltaren hatt 200 000,- i året til å understøtte det valdsførebyggjande arbeidet i kommunane. Denne beløpet vart nytta til den fysiske samlinga i nettverket i 2024. Men frå 2025 var denne tildelinga frå belastningsfullmakta. Det vil sei at Statsforvaltaren ikkje fekk øyremerka midlar til dette føremålet frå Bufdir i år.

I november 2024 søkte nettverket med Kvinnherad som vertskommunen om restskjønnsmidlar til ei fysisk samling i nettverket og til formidling av kunnskap frå utviklingsprosjektet [Kompetanseløft - vald og overgrep](#). Søknaden vart innvilga med 300 000,- i restskjønnsmidlar til å arrangere fysisk samling. I tillegg fekk prosjektet tilskot på 150 000,- til å digitalisering og formidling av kunnskap frå utviklingsprosjektet til andre kommunar.

Sidan den fysiske samlinga vi hadde i 2024, har det komme med fleire kommunar, og deltakarar i nettverket og anslagsvis i 2025 er vi no 190 – 200 deltakarar i nettverket. Prisane på hotell har og auka. På årsmøtet vart det drøfta litt ulike alternativ for korleis vi kunne løyse det økonomisk for at flest mogleg skal kunne delta. Vi undersøkte kommunane sitt syn på å betale en eigenandel eller sette tak på talet deltakarar per kommune. Det var litt ulike syn på dette, men vi landa på at den beste løysinga var å tilby to gratis plassar per kommune, og at dei kommunane som ynskjer å ha med fleire kan dekke ein eigenandel for desse. Samlinga vart gjennomført i Førde, etter ynskje frå deltakar kommunane om at vi legg fysiske samlingar annankvar gong i Bergen og Førde. Dette førte nok til at vi hadde nokre mindre representasjon frå nokre av kommunane, enn om vi hadde hatt ei open samling utan kostnad ut over reiseutgifter for kommunane.

RVTS Vest driftar det digitale nettverket og dekkjer kostnadane knytt til det.

Økonomi 2026:

Vi ligg litt betre ann i år, enn i fjord med tanke på at vi nå har sett av nokre midlar til fysisk samling i nettverket både i utviklingsprosjektet i Kvinnherad og Ullensvang og hjå Statsforvalter. Det er ikkje forventa nokre eigne øyremerka midlar til dette frå Bufdir i 2026 heller.

Kommunikasjon om nettverket

Les meir om nettverket og samlingar i nettartiklar som du finn på Statsforvalteren og komeptansesentra sine heimesider:

<https://www.rvtsvest.no/aktuelt/a-ha-eit-nettverk-og-kvarandre-er-viktig/#nettverk-for-forebygging-av-vald-og-overgrep-mot-barn-og-unge-i-vestland>

[invitasjon-til-nettverk-for-forebygge-vold-og-seksuelle-overgrep-mot-barn-og-unge_.pdf](#)

[Første samling i nettverk for førebyggjande arbeid mot vald og overgrep mot barn og unge | Statsforvaltaren i Vestland](#)

[Nettverk for førebygging av vald og overgrep - Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmondsførebygging](#)

I 2026 tek vi sikte på å orientere kommunane på nytt om nettverket, slik at dei som ikkje er faste medlemmer no, får tilstrekkeleg informasjon og kan melde inn om dei vil vere med.

Planar for 2026

Årsmøtet vert gjennomført den 22. januar, på TEAMS. Det er sendt invitasjon til kommunalsjefar. Med tanke på det overordna ansvaret dei har for det valdsførebyggjande arbeidet i kommunen og deira rolle som tilretteleggjar og premissleverandør for kommunens representantar i nettverket, er det viktig at dei deltek på årsmøta og er representert i styringsgruppa. Vi vil jobbe vidare med forventningar, mandat og rammevilkår deltakarane har med seg frå sin kommune i 2026, etter ynskje frå fleire av deltakarane.

Val av representantar til Styringsgruppa skjer på årsmøtet.

Her finn du program frå alle samlingane:



Nettverk for førebygging av vald og overgrep mot barn og unge

PROGRAM FOR NETTVERKSSAMLING

1/2025 På Teams onsdag 12. mars 2025

09.00 – 09.15	Velkomen og innleiing Stryingsgruppa
09:15 - 09:45	Ungsinn - korleis velje rett tiltak? Innsats i samsvar med problemkompleks Ved Ragnhild Bjørknes, forskar I frå RKBV Vest
09:45 - 10:00	Pause
10:00 - 10:10	Innleiing til grupperefleksjon Bente Cecilie Foss, seniorrådgjevar hjå Statsforvaltaren i Vestland
10:10 – 10.45	 Korleis velje rett tiltak? - Kva er aktuelle tiltak når vi vil førebygge vald og overgrep? - Kva er aktuelle tiltak når born er utsett for vald frå foreldre? - Kva er aktuelle tiltak når born er utsett for vald frå jamnaldrande? Kva tiltak bør vi ha tilgang på, og korleis kan vi sikre oss den tilgangen?
10.45- 11:00	Plenum Kva tiltak bør vi ha tilgang på, og korleis kan vi sikre oss den tilgangen? Kan dette nettverket bidra på noe vis?
11.00 – 11.15	Pause
11.15 – 11.35	Alle har rett på ein trygg barndom Ved Gerd Marie Furfjord, helsesjukepleier og prosjektleiar frå Bodø kommune Verktøy: Alle barn har rett til en trygg barndom
11.35 – 12.00	Døme frå Kommunane, Helseykepleier i barnehagene Ved Hege Iren Austevoll, Ledende helsesykepleier frå Austevoll kommune
12.00 – 12.15	Pause

12.15 – 13.00	Skadelig adferd - seksuell og aggressiv ved Steinar Hvål, psykologspesialist ved Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoedsførebbygging Døme frå Askøy kommune Kleppestø ungdomsskole
13.00 – 13.15	Pause
13.15 – 13.45	SSA barn som utøver vold mot andre barn Ved Heidi Losnedal, seniorrådgiver ved Statens Barnehuset i Bergen
13.45 – 14.00	Vegen vidare, evaluering og innspel til neste samling

Vi tek atterhald om endringar i programmet.



Nettverk for førebygging av vald og overgrep mot barn og unge

PROGRAM FOR NETTVERKSSAMLING I FØRDE

Dag 1: 21. mai 2025

11:15 - 12:00	Lunsjbuffet Vi starter med lunsjbuffet
12.00 – 12.15	Velkommen og innleiing Styringsgruppa - Linda Renate Kvalvik og Bente Cecilie Foss
12.15 – 13.00	Utviklingsprosjektet Kompetanseløft vald og overgrep Ved Vigdis Anne Dyrkolbotn, prosjektleiar og Isabella Helland, prosjektmedarbeidar frå Kvinnherad og Ullensvang • Barnas verneombud og «E d greitt»? • Verktøy vi brukar i arbeidet
13.00 – 13.15	Pause
13.15 – 13.45	Rutine for tilbakeføring etter barneavhør og status for tiltaksvifta vår når vi har avdekket vald eller overgrep i familien Ved Vigdis Anne Dyrkolbotn og Isabella Helland
13.45 – 13.55	Innleiing til Grupperefleksjon Ved Bente Cecilie Foss, seniorrådgjevar Statsforvalteren i Vestland
13.55 – 14.30	 Grupperefleksjon
14.30 – 14.45	Pause
14.45 – 15.00	Innleiing til «Stjel og del»

15.00 – 16.30	«Stjel og del» - stands Vis fram dykkar tilbod, tiltak og ting de er stolte av for kvarandre – alle oppmodast om å førebu ein stand til samlinga. Ta med popp-ups, plakatar, borsyrer, eller anna visuelt materiale for å vise fram det de har utvikla, tilbod om elle ynskjer å vise fram.
16.30 – 17.00	Oppsummering av dagen ved kommune representantene i styringsgruppa – kva sitt de att med etter dagen i dag?

Dag 2: 22. mai 2025

08.30 – 08.45	Innleiing til dagen Styringsgruppa
08.45 – 09.15	 Grupperefleksjon 1. Korleis kan vi som er kommunens representantar i nettverket samarbeide om å styrke det valdsførebyggande arbeidet i vår kommune? 2. Har vi fått eit klart mandat og handlingsrom frå vår kommune? 3. Har vi idear til korleis vi kan utnytte dette nettverket enda betre?
09:15 - 09:45	Hjertesamling i barnehagen Ved Trude Lundekvam, fagleg rådgjevar og Chatrine Elholm, dagleg leiar ved kompetansesenter mot seksuelle overgrep i Sogn og Fjordane
09:45 - 10:00	Pause
10:00 - 10:20	Døme frå Voss kommune - plan for perinatal helse Plan for å sikre støtte til mødre i svangerskap og barsel ved Sveinung Nygård, kommunepsykolog og Kjetil S. Nordstrøm, leiar for barne og familietenesta i Voss herad
10:20 – 10.30	Innleiing til gruppeoppgåve Linda Renate Kvalvik og Bente Cecilie Foss

10.30- 11:00	 Digitalt nettverk – praktisk øvelse & QUIZ Svar på så mange spørsmål som mulig på 10 min Etterpå – drøft: • Hvordan kan vi bruke det digital nettverket? • Hvilken nytte kan det ha?
11.00 – 11.15	Plenum
11.15 – 11.30	Pause
11.30 - 12.10	Traumeskolen – traumekunnskap sett i system Linda Renate Kvalvik, områdeleiar barn og unge hjå RVTS Vest og Bjørn Brunborg, spesialrådgjevar hjå RKBU Vest
12.10 – 12.30	Erferingar med Tarumeskolen og refleksjon Ved Jannicke Sandvik, oppvekstrettleiar med fleire frå Vaksdal kommune
12.30 – 12.45	Pause
12.45 – 13.15	Kunnskapsreisen ved Malin Sæterdal Dale Skule, rektor frå Vaksdal kommune
13.15 – 13.30	Presentasjon av representantane i ressursgruppa Bjørn Kristian Bjånesøy, kommunalsjef oppvekst frå Austevoll og Birthe Blokhus, Einingsleiar førebyggjande tenester frå Stord
13.30 – 13.45	Hva sitter vi igjen med etter denne samlingen? Bjørn Kristian Bjånesøy, kommunalsjef oppvekst frå Austevoll og Birthe Blokhus, Einingsleiar førebyggjande tenester frå Stord
13.45 – 14.00	Evaluering, og hva skjer fremover i nettverket

Vi tek atterhald om endringar i programmet.



Nettverk for førebygging av vald og overgrep mot barn og unge

PROGRAM FOR NETTVERKSSAMLING

3/2025 På Teams fredag 31. oktober 2025

09.00 – 09.15	Velkomen og innleiing Stryingsgruppa ved Jill Bru Johansen, einingsleiar frå Vaksdal
09:15 - 09:45	Tett, tverrfaglig innsats i eit lite herad inst i fjorden – Ulvik herad Ved Eyvind Eidhammer, leiar for barne- og familieeininga og sebastian Sveinhaug Hoffmann frå Ulvik herad
09:45 - 10:00	Pause
10:00 - 10:40	Bruk av tvang i skuletida og ny opplæringslov Ved Ørjan Moldestad, seniorrådgjevar og Andrea Anddal, seniorrådgjevar hjå Statsforvaltaren i Vestland
10.40 – 11.00	Kva kva trendar ser vi og korleis kan vi førebygge vald og overgrep mellom jamnaldrande? Ved Else Margrethe Totland Aarland, leder for Konfliktrådet i vest
11.00 – 11.15	Pause
11.15 – 12.00	Kva treng barnet når det har opplevd tvangsbruk frå vaksne? Kva treng dei vaksne som har utøvd tvang? Ved Mette Ekenes Garmannslund, Psykologspesialist hjå RVTS Vest
12.00 – 12.15	Pause

12.20 – 12.25	Innleiing til grupperefleksjon Ved Bente Cecilie Foss, hjå Statsforvalteren i Vestland
12.25 – 12.45	Gruppe refleksjon i digitale møterom
12.45 – 13.00	Vegen vidare, evaluering og innspel kva vi ynskjer merksemd på i nettvekret i 2026 Ved Bente Cecilie Foss, hjå Statsforvalteren i Vestland

Vi tek atterhald om endringar i programmet.